



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2323
John Olav Hisdal, 5557 2324

Vår dato
26.08.2013
Dykkar dato
08.05.2013

Vår referanse
2013/6744 561
Dykkar referanse
08/3543

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til søknad frå Småkraft AS om løyve til bygging av Kvennelvi kraftverk i Kvam herad

Fylkesmannen frarår bygging av Kvennelvi kraftverk ut frå regionale natur- og friluftsinnteresser og konflikt med kommunedelplanen for Kvamskogen.

Vi viser til brev av 8. mai 2013 der Fylkesmannen blir bedt om å gi uttale til søknad frå Småkraft AS om å bygge Kvennelvi kraftverk i Kvam herad. Vi har fått utsett høyringsfrist til 1.september.

Kort om prosjektet og søknaden

Kvennelvi kraftverk vil nytte eit fall på 115 meter i Kvennelvi på Kvamskogen. Det skal byggast ein inntaksdam med bredde på 32 meter og høgde på 4 meter med overløp på kote 480. Frå inntaket og ned til kraftstasjonen vert det lagt eit 1350 meter langt 1100 mm rør som skal gravast ned. Slukeevna i kraftstasjonen vert maks på 3,3 m³/s og minimum på 0,16 m³/s. Installert effekt vert 2,9 MW og årlig produksjon er rekna å bli ca. 9,9 GWh. Det er lagt opp til å sleppe ei minstevassføring på 70 l/s frå 1. mai til 30. september, elles ingen minstevassføring.

Det skal byggast to nye vegar frå eksisterande veg. Ein på 80 meter fram til kraftstasjonen og ein på 300 meter fram til inntaket. Kraftverket skal knyte seg til eksisterande 22 kV nett via jordkabel.

I samband med søknaden er det utarbeidd ein miljøanalyse for ulike tema, som biologisk mangfald, fisk og ferskvassbiologi, landskap og friluftsliv. Konsekvensane er sett til å vere anten *liten negativ (-)* eller *utbetydelig til liten (0/1)*.

Fylkesmannens merknader til søknaden

Fylkesmannen meiner at de samla negative verknadene på Kvamskogen som rekreasjonsområde er større enn det går fram av søknaden.

Arealinngrepa er ikkje vist

Det mest synlege inngrepet av tiltaket vil vere etablering av inntaksdam og veg fram til denne i øvre del av prosjektområdet. Vegen til inntaket vil krysse ope urørt terreng og vil vere like

synleg i terrenget som eksisterande grusveg. Inntaksdammen vil vere synleg frå nærområdet omkring. Bygging fører til neddemming av eit område på ca. 2,5 mål.

Kraftstasjonen er planlagt bygd ca. 50 meter frå dei næraste hyttene og vil kunne føre til at støynivået mot omgjevnaden blir for høgt etter gjeldande retningslinjer. Utbygginga vil føre til redusert vassføring i elva.

Konsesjonssøknaden er ikkje utfyllande nok når det gjeld å synleggjere arealinngrepa, som veganlegg, inntaksområde og vassføring med foreslått minstevassføring. Det er difor vanskeleg å vurdere fullt ut skadeverknadane når det gjeld inngrepa i landskapet.

Undervurdering av regionale og lokale friluftsliv- og opplevingsverdiar

Kvamskogen sin status og bruk som friluftsområde er ålment kjent i landsdelen og regionen. Til tross for dette utgangspunktet viser miljøvurderingane i konsesjonssøknaden liten konflikt med friluftsliv, landskap og opplevingsverdiar.

Kvamskogen er blant dei viktigaste regionale friluftsliv- og hytteområde i Hordaland. Området har store kvalitetar, og vert nytta av befolkninga i Bergensregionen gjennom heile året, både hytteeigarar og reisande på dagstur, organisasjonar, skular og barnehagar. Friluftslivsverdiar i området er kartlagt og dokumentert i ein rekkje dokument, til dømes i regional verdsetting og kartlegging av regionale friluftslivsområder i Hordaland og grønstrukturanalyse for Kvamskogen.

Naturområda på Kvamskogen er under høgt press gjennom ulike planer for utbygging og arealinngrep, som kraftliner, hytter, vegar og anna. Døme på større utbyggingar som har vore i framme dei siste åra er bygging av kraftlina frå Sima til Samnanger og plan for transformatorstasjon på Tokagjelet.

Nye og irreversible inngrep på Kvamskogen må vurderast i eit langsiktig og samla perspektiv. Det er ikkje tilstrekkeleg å sjå tiltaket i ei snever, lokal samanheng. Samla belastning på naturverdiar må stå sentralt i vurderingar kring vidare utvikling.

Konfliktanalysen for bygging av Kvennelvi kraftverk har einsidig fokus på vassdragsstrengen og verknader nær opp til utbygginga. Eigenverdien av grønstrukturar og urørt vassdragsnatur på Kvamskogen er ikkje vektlagt, og opplevingsverdiar i knytt til naturområde, dyre- og planteliv i slike område ikkje vurdert. Kvennelvi sin plass i våtmarks- og vassdragssystemet på Kvamskogen er ikkje diskutert.

Fylkesmannen meiner konfliktane med naturverdiar, friluftsliv, landskap og opplevingsverdi er undervurdert i søknaden, og er usamd med konklusjonane i miljøanalysen.

Tilhøvet til kommunedelplanen for Kvamskogen

Miljø- og friluftslivsinteressene var sentrale tema i arbeidet med kommunedelplanen for Kvamskogen, ein prosess som gjekk over mange år. Kommunedelplanen vart vedteken i 2011 og skal ligge til grunn for lokal-, regional- og statlege arealbruk i planperioden.

Omsyn til miljøfaglege interesser er innarbeidd i kart, føresegner og retningslinjer. Retningslinjene for LNF-områda understreker verdien av turområde, beiteområde, naturfaglege kvalitetar, inngrepfri natur, viltområde og kombinasjonen av desse. Det er tilrådd å ikkje opne for vassdragsutbygging og andre arealinngrep i LNF-områda.

Vidare har kommunedelplanen nedfelt byggjeforbod i ein 25 m sone langs Longvotni og hovudelvar i nedbørsfeltet, og forbod mot vinterbrøyting av vegar, inkludert vegen til Steinskvandalen.

Fylkesmannen registrerer at føringane i gjeldande kommunedelplan er ikkje diskutert i søknaden om bygging av Kvennelvi kraftverk.

Vi legg til grunn at kommunedelplanen vil vere styrande for energistyresmaktene sin handsaming av konsesjonssøknaden.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner bygging av Kvennelvi kraftverk er i konflikt med regionale natur- og friluftsinteresser på Kvamskogen. Ei utbygging er i strid med kommunedelplanen.

Fylkesmannen frarår bygging av Kvennelvi kraftverk.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Småkraft AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	Norheimsund
Kvamskogen Vel v/ Erik Bjerring Hansen	Pb 254 Indre Arna	5888	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Forum for Natur og Friluftsliv i	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Hordaland v/ Bergen Turlag			